

Krav til den som leiger bustadar i Kvam herad eller Kvam Bustadstifting

1. Den som får tildelt bustad frå Kvam Herad eller Kvam Bustadstifting, plikter å setja seg inn i **desse husreglane** som er utarbeidd for at alle leigetakarar og omgjevnadar får ei god oppleving i leigetida.

2. **Avfall**, den som produserar dette er ansvarleg for at dette vert fjerna til mottak eller



tilhøyrande avfallsdunkar/ konteinarar – inkl. kjeldesortering der det er aktuelt.

3. **Lyspærer, lysrør og skrusikringar** bytast av leigetakar, dersom FDV bygg må koma og skifta



slikt – vert dette fakturert med kr. 400,- ved kvart oppmøte. Lysarmaturar er leigetakars ansvar dersom ein bur meir enn 6 år i bustaden. Behov for hjelp frå elektrikar, kostast av leigetakar.

4. **Nye overflater på golv, veggjar og tak** inne i bustaden, samt innvendig i glaskarmar,



dørkarmar er leigetakrs ansvar dersom dette er ynskje om/ eller bur der i over 6 år. Hengsler, dørlåsar, kranar, vannlås, skåp og benkeplater er leigetakars ansvar å vedlikehalda og skifta ut ved behov. Må FDV bygg koma og utbetra slikt – vert dette fakturert med kr. 400,- ved kvart oppmøte. Behov for hjelp frå røyrleggjar, kostast av leigetakar.

5. **Snømoking, salting og strøing** fram til brøyta veg er leigetakars ansvar. Eventuell hjelp til



dette kan bestillast utført av FDV bygg, eller andre private aktørar – pris avtalast i kvart tilfelle. I enkelte område vert det plassert ut kassar med strøsand.

6. **Husdyrhald** er ikkje tillete dersom dette ikkje vert halde på ein reinsleg og god måte – må



avklarast med utleigar i forkant. Foring av kattar ute er ikkje tillete – vert dette registrert er den som forar dyr utvendig ansvarleg for kostnadar dette medfører som for eksempel avliving, sterilisering,

7. **Skjemmande** og uhelding plassering av gjenstandar, samt lufting og tørking av kle på andre



enn tilviste stadar er ikkje tillete.

8. **Støyande aktivitet** må gjerast når dette ikkje plagar naboar og omgjevnadar. Generell ro og



orden er eit krav, også kontrollert lydnivå innvendig ved bruk av radio/ tv/ musikkanlegg, også ved høg stemmebruk og andre støyande aktivitetar.